

Fra: Målfrid Vik Sønstabø (Målfrid.Vik.Sonstabø@skyss.no)

Sendt: 06.04.2017 19:50:06

Til: Hans-Christian Engum

Kopi: Vigdis Robak Bjørgo; Gudrun Einbu; Oddmund Sylta

Emne: SV: SV: Regional areal- og transportplan

Vedlegg:

Tilbakemelding fra Skyss (beklager at denne har blitt liggende);

Noen generelle betraktninger:

Vedtatt Kollektivstrategi gir føringer for korleis oppnå nullvekstmålet i byområdet Bergen – herunder vesentleg vekst i andel kollektivreiser og reduksjon i klimautslepp – og gir overordna prioriteringer av ressursane til kollektiv.

Båt drift er kostbart og ein vil difor vere restriktiv med å etablere nye samband der det går eit parallelt busstilbod. Når det gjeld byområdet spesielt, er det og eit mål at sykkel og gange skal utgjere ein større andel på korte reiser. Tilskottsandelen per påstigande for båt er generelt langt høgare enn for buss. Dette gjeld også for båtsambanda innanfor Bergensområdet. Både sambandet Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen ber preg av å ha stor andel einvegstrafikk, noko som har stor innverknad på kostnadseffektiviteten. Samla sett har dei to sambanda i dag eit tilskot per passasjer på nærmere 35 kroner, samanlikna med bussar i Bergensområdet med snitt nærmere kr 10 per påstigande (ref Årsrapport Kollektivstrategi 2016). I eit miljøperspektiv vil også buss i all hovudsak vere eit betre alternativ.

Skyss ser ikkje at det peiker seg ut nye båtsamband i Bergensområdet som kan forsvarast ut frå eit kost/nytte- og miljøperspektiv på kort og mellomlang sikt, men vil vurdere utredning av konkrete forslag med politisk og/eller fagleg forankring.

Forslag til ny «moderert» tekst:

«Nye båtsamband og rutetilbod i og rundt Bergen bør vurderast med grunnlag i transportbehov, miljøeffekt og samfunnsnytte. I arealdisponeringa må eventuelle nye stoppestadar bygge opp kring vedtatt senterstruktur og senterutvikling.»

Målfrid Vik Sønstabø
Leder avdeling Trafikktildbud

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 916 53 176

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

Fra: Vigdis Robak Bjørgo

Sendt: 5. april 2017 14:37

Til: Målfrid Vik Sønstabø <Målfrid.Vik.Sonstabø@skyss.no>

Emne: Fwd: SV: Regional areal- og transportplan

Videresendt melding:

Fra: Hans-Christian Engum <Hans-Christian.Engum@hfk.no>

Dato: 5. april 2017 kl. 14.00.14 CEST

Til: Vigdis Robak Bjørgo <Vigdis.Bjorgo@skyss.no>

Emne: SV: Regional areal- og transportplan

Hei.

Ville Skyss kome med ei høyringsuttale til RATP? Då må den kome kjapt😊

Hans-Christian

Fra: Vigdis Robak Bjørgo
Sendt: 7. mars 2017 14:09
Til: Hans-Christian Engum <Hans-Christian.Engum@hfk.no>
Emne: SV: Regional areal- og transportplan

Hei,

Skjønner!

Vi tenker vi må komme med en høringsuttale på dette punktet. Det som er tatt inn her er ganske på siden av de planer og vedtak vi forholder oss til og som vi legger til grunn for arbeidet knyttet til strategi for båt (dvs trafikkplan båt).

Vi får ta det derfra😊,

Vigdis

Fra: Hans-Christian Engum
Sendt: 7. mars 2017 11:53
Til: Vigdis Robak Bjørgo <Vigdis.Bjorgo@skyss.no>
Emne: SV: Regional areal- og transportplan

Hei Vigdis.

Det var litt armer og bein mot slutten og det var eit politisk arbeidsutval som la siste hand på verket dagen før det vart sendt ut. Dermed fekk vi ikkje tid til drøftingar internt. Ikkje bra! Eg må berre beklage det. Vi fekk 26 punkter frå Bergen kort tid før møtet og dette er eit av dei og styringsgruppa tok det rett inn.

Vi kan godt ta ein prat ved høve, eg er litt oppteken i dag, men kanskje i morgen?

HC

Fra: Vigdis Robak Bjørgo
Sendt: 6. mars 2017 11:13
Til: Hans-Christian Engum <Hans-Christian.Engum@hfk.no>
Emne: Regional areal- og transportplan

Hei Hans Christian,

Kva er bakgrunnen for at det er lagt inn eit avsnitt om strategi båt, som ikkje ligg i høyringsutkastet for Reginal Transportplan:

Nye ruter mellom Bergen og nabokommunane bør vurderast, likeeins båttransport mellom bydelar i Bergen. I arealdisponeringa er det viktig å ta høgde for moglege stoppestader og mogleg senterutvikling kring stoppestadane.

Mvh

Vigdis